

TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 1

2017

ÅRGANG 32

Nordfjord-kveld i BUL, Teatersalen
onsdag 22. mars kl. 19.00





FOTO: Bendik Os ©

*Biograf Bendik Os
med boka om bestefaren*



FOTO: Odin Hørthe Omdal ©

*Spelemannen Fredrik Hope frå Hyen
spelar musikk frå Nordfjord*

Leiaren – etter eit årsmøte og fram mot ein vår

Gode medlemmar!

Vi har nettopp hatt årsmøte i laget og planlegg no aktivitetane i 2017. Etter påske skal det vere dugnadar på begge hyttene, og i mai vert det – tradisjonen tru – rekegilde på Nordfjordhytta helga 27.–28. mai. Dugnader på hyttene i månadsskifte april/mai. Endelege datoar vert kunngjort seinare. Bruk gjerne hytten, spør Hyttestyret (sjå baksida).

Men før det kan fleire kulturelle tilbod nyttast, med folk frå fylket på podiet – sjå dei neste sidene i avisa.

Klubbefesten vert laurdag den 4. november, og vi får vitjing av Austrheim musikklag. Denne turen vert for dei ein del av deira feiring av sine 100 år i 2017. Samstundes vert det den nittiande klubbefesten, og det er 30 år sidan Sogne-, Sunnfjord- og Nordfjordlaget slo seg saman til Sogn og Fjordanelaget!!!

Datoen for smalahovegildet på Pus-tut er enno ikkje fastsett.

Med ønskje om eit godt år i laget.

Agnar Kvellestad (leiar)

Overføring med m.a. **Toralv Maurstad**

Teaterstykket ~~OVERFØRING~~ på Det Norske Teatret, med regi og scenografi av Tyra Tønnesen, går for fulle hus. Det baserer seg på eit forskingsprosjekt av psykolog Marit Råbu og er ei framsyning om psykoterapi.

Ein av dei gode, gamle skodespelarane som er med, er **Toralv Maurstad**, halvt nordfjording og no over 90. Dei andre er Britt Langlie, Kai Remlov, Grete Ryen, Erik Hivju og Wenche Medbø.

Vil du ha billettar til dette stykket, må du hiva deg rundt og kontakta Det Norske Teatret, det er ikkje ledige plassar før uti slutten av mai.



Her er nettadressa
[http://www.detnorsketeatret.no/
framsyningar/overforing/](http://www.detnorsketeatret.no/framsyningar/overforing/)
Og billettluka har tlf. 22 42 43 44.

Sigrid Moldestad i konsert på Riksscena torsdag 9. mars

Med ein viss fåre for at det blir for seint og for fullt; me kunngjer likevel at *Sigrid Moldestad*, med si varme stemme og sitt vakre felelæte, skal spela og syngja med *Aasmund Nordstoga* og gruppa **SVER**, eit folkrock-band med nordiske kremmusikarar torsdag 9. mars. Dørene opnar kl. 19.30, og konserten tek til kl. 20.30. Kostar berre 200 kroner. Riksscena ligg inst i Schouskvartalet nedst på Grünerløkka.



FOTO: Krisjan Hosar ©


SIGRID MOLDESTAD, Aasmund Nordstoga og gruppa SVER spelar og syng på Riksscena for folkemusikk i Schouskvartalet torsdag 9. mars. Det kan bli vårens vakraste første store musikkoppleveling!

... og *Håkon Høgemo* deltek i konsert på Riksscena fredag 31. mars

Storspelemannen, diktaren og kul-turkaren **Knut Buen** er månadenes musikar på Riksscena i mars. Og fredag 31. har han m.a. med seg vår eigen *Håkon Høgemo* frå Årdal som gjestespelar. Det handplukka

stjernelaget av hardingfelespele-menn skal spela Knut Buen sine eigen slåttar og har med seg *Håvard Gimse* på piano. Fredag 31. mars, konserten tek til kl. 20.00, dørene opnar kl. 19.00. Kostar 220 kroner.

Nordfjord-kveld i BUL, Teatersalen onsdag 22. mars kl. 19.00



Me hadde
omtale av den ferske boka
om **Edvard Os** i siste lagsbladet før
jul. No har BUL, Bondeungdomslaget
og fylkesmållaget Vikværingen teke
tak i den forvitnelege livssoga til denne
karakteristiske og karakterfaste nord-
fjordingen og skipar til Nordfjord-kveld
– mest om Edvard Os-kveld – i

**Teatersalen til BUL, Nynorskens hus,
(Rosenkrantz' gate 8, ved Kaffistova)**
onsdag 22. mars kl. 19.00

Då kjem sonesonen **Bendik Os**, som har
skrive boka om bestefaren, og gjev oss
ei levande innføring i hans fargerike liv.


Nordfjordingen Edvard Os var den
fyrste daglege leiaren (skrivaren) i
Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag
(1913-1926).


Os var dessutan forfattar, forlagsmann,
redaktør og offiser, ein uredd mann
med ovstor arbeidskapasitet. Han har
også skrive bygdebøker for Nordfjord.

Edvard Os gjorde også opptak til Oslo
Fylkeslag (BLS), som både BUL og
Sogn og Fjordanlaget er ein del av,
og han vart utnemnd til æresmedlem i
Nordfjordlaget på 50-årsfesten i 1965.

Sonesonen **Bendik Os**, som bur i Asker,
kjem til Bondeungdomslaget i Oslo
og kåserer om den mangslunge og
arbeidsame farfar sin. Etterpå vert det
høve til
å kjøpa
og få
signert
boka.

**Biograf
Bendik Os
med boka
om beste-
farenn**





EDWARD OS: Målmannen, ungdomslagskaren og friluftsmannen ute i naturen, der han treivst.

Etter kåseriet kjem den unge spelemannen *Fredrik Hope* frå Hyen og spelar musikk frå Nordfjord. Fredrik er nestleiar i Norsk Mål-ungdom og ihuga målmann. Han har òg vore elev av den legendariske spelemannen Arne Sølvberg frå Fjelli.

Me gler oss til ein lærerik og underhaldande Nordfjord-kveld.

Programmet og kaffi/vatn og noko å bita i får du for **berre kr 50.**

Ver velkommen!



FOTO: Oddi Berthe Ondal ©

Nordfjordingar i tidlegare tider



Kjell Askeland (f. 1943) frå Askeland i Bremanger er pensjonert lærar og friansjournalist. Han har tidlegare skrive «Folk før – femti historier fra Nordfjord» (2008).

FOLK FØR III

TRETTIEM HISTORIER FRÅ NORDFJORD

Heldige og berre snakka meir med han far og ho mor spidde dei innt. No er det for seinle! Slike spidsekkar som Kjell Askeland prøver å levere i bokar. Gjennomslag-å-hava var det veldig god og prata med eldre folk i Nordfjord, teke seg tid, lytt, kose seg med historiene godt. Tekstane her er ikke spesielt historiske, men er det som fortel om den opplevde livet. Superkjekt, fylt med kjensler, fantasi og dramar. Og for den del: sloke dramar. Fylt med delikatess og vurderingar.

Det er også ei flott fremstilling av Nordfjord. I «Folk før II» møter vi sjuefem personar heile Nordfjord: Bremanger, Gloppe, Stryn, Høyanger, Voss, Ulvik, Etne og Sæbø. Det vi møter er fødd i åra 1880-1915. Det fleste lever, og ge av dei er over 100 år gamle. 308 år gamle Ingolf Falch frå Holm frå Bremanger er hausten 2005 det eldste medlemmet i familien.

Rolker mellom fjella i Nordfjord er fascinerende å lytte til. Når dei berre vert gamle nok.



SELJA FORLAG

www.selja.no




FOTO: Selja Forlag ©

Kjell Askeland frå Davik i Nordfjord har på Selja Forlag gjeve ut tre bøker i serien **Folk Før**. Den fyrste, frå 2008, er utseld, dei to andre framleis på lager.

Kvar bok er ei samling av intervjuv med eldre folk i Nordfjord. Alle sju kommunane i fjorden er dekka. Desse intervjuva gjev innsikt i livsvilkåra som rådde frå 1900 og utover mot andre verdskriga.

Dei som fortel, gjev innsikt i folkelivet i tida då natural- og sjølvbergingshus-haldet gjekk mot slutten. Utflytte nordfjordingar vil ofte finne kjende og slektningar mellom desse permane.

Vona er at folk skal verte kjende med dette stoffet frå ei nær fortid, som er bevart frå fyrste hands informantar.

Siste bindet inneholder 35 historier og har fleire intervjuv med frontkjemparar i Valdres frå mai-juni 1940.

Meir informasjon finn du på nettet ved å leite på www.selja.no og Folk Før.

...

Kjell Askeland (f. 1943) frå Askeland i Bremanger er pensjonert lærar og friansjournalist. Han har tidlegare skrive «Folk før – 50 historier frå Nordfjord» (2008) og «Folk før II – 25 historier».

Folkedans i forskjellige former

Folkedanskveldane

Kvar søndag vinter, vår og haust er det folkedanskveld i Bygdelagshuset, Nordahl Bruns gate 22 i Oslo.

- **Søndag 12. mars** er det først eit fartsfylt kurs i Finnskogspols i Halli mellom 18.00 og 19.30! Mellom klokka 19.30 og 22.45 skal *Fanteladdane* (foto) spele opp til dans i Storsalen! Det blir sal av vafler, kaffi og te. Ta med gode dansesko.



FOTO: Fanteladdane ©

Pris: Ordinær 130,- Student 80,-

Les meir her: <http://bls.no/sondags-dans-12-mars-med-finnskogspols-og-fanteladdene/>

Folkedansmesse Bøler kirke 12.3.

- **Søndag 12. mars kl. 18.00** er det folkedansmesse i Bøler kirke. Soknerådet der og Skjetten Leikarring skipar til ei annleis kveldsmesse, med folkemusikk, dans, dikt og song.

Leikfest på Ås

- **Laurdag 1. april kl. 18.00** er det etter leikfest på Ås, i Ås kulturhus, Store sal. Bunad eller anna pent. **Påmelding seinast onsdag 15. mars** til ire_die@hotmail.com Kostar 400 kr.

Kunngjeringar

Lagsvisa Tre Fjordar – fristar mm.
Frist for å senda inn stoff til neste avis
er **fredag 21. april 2017**.

Send stoff til bladet i vanleg Word.
Bilete; helst digitale (som .jpg).
Send til a.r.e.dale@uniforum.uio.no

Protokoll frå årsmøtet i laget kjem i
nesten lagsavis, i slutten av april.

Alle medlemmer skal ha fått giroark og
oppmoding om å betala medlemspeng.
Laget sin konto er **0531 27 71723**

<http://www.sognogfjordanelaget.no/>
<http://sognogfjordaneringen.no>



STYRET

Leiar: Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
agnar.kvellestad krøllalfa nmbu.no

Kasserar: Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63
hilmar krøllalfa getmail.no

PRESSE & PR

Leiar: Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p) - 22 85 63 48 (a)
a.r.e.dale krøllalfa uniforum.udio.no

HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 92 49 64 38
agnar.hegrenes krøllalfa nibio.no

Kontakt Sunnfjordhytta: 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)
Andor Gjelsvik
andorgj krøllalfa frisurf.no

Kontakt Nordfjordhytta: 45 00 49 33
Dagfinn Aa
aa12 krøllalfa online.no

SOGN OG FJORDANDERINGEN

Nestleiar: Finn Stafsnes 90 82 12 27
Fi-stafs krøllalfa online.no

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo
